

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 053
<b>Arkivsaksnr:</b> 09/197	<b>Løpenr:</b> 17/5443
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	01.06.2017	028/2017
Kommunestyret	15.06.2017	026/2017

**Vidare utbygging av breiband i Samnanger kommune****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det er viktig å få på plass ei god og framtidsretta høgkapasitets breibandsløysing (via fiber) i Rolvsvåg industriområde samt på Saga. Det er ingen indikasjonar på at nokon kommersielle aktørar har planar om ei slik utbygging. I Rolvsvåg industriområde, som er kommunalt, er det spesielt viktig at Samnanger kommune arbeider for god infrastruktur - mellom anna høgkapasitets breiband. For at industriområdet skal vera attraktivt/eigna i åra som kjem, vil ei god breibandsløysing vera viktig.

Dersom tilskotsmidlane som fylkeskommunen har gitt tilsegn om ikkje er tilstrekkelege til å få realisert eit god og framtidsretta breibandsløysing i området Rolvsvåg - Saga, bør Samnanger kommune bruka dei resterande breibandsmidlane frå Samnanger – Sima-fondet (ca. 99.000 kroner) til ytterlegare tilskot. I tillegg kan det brukast inntil 250.000 kroner frå næringsfondet. I tillegg må næringsdrivande i området utfordrast til å bidra med midlar. Gjennom dette bør det vera mogleg å få realisert ei breibandsløysing som i saksframlegget er omtalt som «Rimeleg fiberløysing», det vil seia ei løysing med fiber heile vegen inn til utbyggingsområdet.

Utbygginga må gjennomførast så raskt som praktisk mogleg, og vera ferdig seinast innan utgangen av 2018.

Målsettingar for breiband i Samnanger kommune må utarbeidast som ein del av arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdelen).

**01.06.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**FORM- 028/2017 Vedtak:**

Det er viktig å få på plass ei god og framtidsretta høgkapasitets breibandsløysing (via fiber) i Rolvsvåg industriområde samt på Saga. Det er ingen indikasjonar på at nokon kommersielle aktørar har planar om ei slik utbygging. I Rolvsvåg industriområde, som er kommunalt, er det spesielt viktig at Samnanger kommune arbeider for god infrastruktur - mellom anna høgkapasitets breiband. For at industriområdet skal vera attraktivt/eigna i åra som kjem, vil ei god breibandsløysing vera viktig.

Dersom tilskotsmidlane som fylkeskommunen har gitt tilsegn om ikkje er tilstrekkelege til å få realisert eit god og framtidsretta breibandsløysing i området Rolvsvåg - Saga, bør Samnanger kommune bruka dei resterande breibandsmidlane frå Samnanger – Sima-fondet (ca. 99.000 kroner) til ytterlegare tilskot. I tillegg kan det brukast inntil 250.000 kroner frå næringsfondet. I tillegg må næringsdrivande i området utfordrast til å bidra med midlar. Gjennom dette bør det vera mogleg å få realisert ei breibandsløysing som i saksframlegget er omtalt som «Rimeleg fiberløysing», det vil seia ei løysing med fiber heile vegen inn til utbyggingsområdet.

Utbygginga må gjennomførast så raskt som praktisk mogleg, og vera ferdig seinast innan utgangen av 2018.

Målsettingar for breiband i Samnanger kommune må utarbeidast som ein del av arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdelen).

**15.06.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**KS- 026/2017 Vedtak:**

Det er viktig å få på plass ei god og framtidsretta høgkapasitets breibandsløysing (via fiber) i Rolvsvåg industriområde samt på Saga. Det er ingen indikasjonar på at nokon kommersielle aktørar har planar om ei slik utbygging. I Rolvsvåg industriområde, som er kommunalt, er det spesielt viktig at Samnanger kommune arbeider for god infrastruktur - mellom anna høgkapasitets breiband. For at industriområdet skal vera attraktivt/eigna i åra som kjem, vil ei god breibandsløysing vera viktig.

Dersom tilskotsmidlane som fylkeskommunen har gitt tilsegn om ikkje er tilstrekkelege til å få realisert eit god og framtidsretta breibandsløysing i området Rolvsvåg - Saga, bør Samnanger kommune bruka dei resterande breibandsmidlane frå Samnanger – Sima-fondet (ca. 99.000 kroner) til ytterlegare tilskot. I tillegg kan det brukast inntil 250.000 kroner frå næringsfondet. I tillegg må næringsdrivande i området utfordrast til å bidra med midlar. Gjennom dette bør det vera mogleg å få realisert ei breibandsløysing som i saksframlegget er omtalt som «Rimeleg fiberløysing», det vil seia ei løysing med fiber heile vegen inn til utbyggingsområdet.

Utbygginga må gjennomførast så raskt som praktisk mogleg, og vera ferdig seinast innan utgangen av 2018.

Målsettingar for breiband i Samnanger kommune må utarbeidast som ein del av arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdelen).

### Kva saka gjeld:

I kommunestyret 11.05.2017 tok Karl Bård Kollbotn (Frp) opp behov for breibandsutbygging i Rolvsvåg industriområde og på Saga. Bakgrunnen for dette var mellom anna at Samnanger næringsforum i lengre tid har engasjert seg for å få på plass eit godt/eigna breibandstilbod i dette området. Hordaland fylkeskommune har nyleg gitt tilsegn om inntil 1 millionar kroner i tilskot til breibandsutbygging i dette området. Tilsegnet gjeld ut 2018. På møte mellom Samnanger næringsforum, næringsdrivande i Rolvsvågområdet og Samnanger kommune 02.05.2017, kom det fram at fleire næringsdrivande i området fryktar at eit offentleg tilskot på 1 millionar kroner ikkje vil vera nok til å få realisert eit godt/eigna breibandstilbod. Det vart på bakgrunn av dette mellom anna spurt om kommunen har midlar som kan koma i tillegg til tilskotet som fylkeskommunen har gitt tilsegn om. Det er politisk nivå i kommunen som må ta stilling til dette spørsmålet.

I dette saksframlegget har rådmannskontoret sett på både målsettingar, noverande situasjon og økonomiske forhold knytt til breibandsutbygging i kommunen.

### Målsettingar i kommuneplanen

I gjeldande kommuneplan (som gjeld for perioden 2007 – 2017) er det fastsett følgjande hovudmål for infrastruktur:

- *Samnanger kommune sin innsats innan infrastruktur skal gje eit godt, trygt og framtidsretta tilbod.*

Eit av delmåla under dette hovudmålet er:

- *Lokalsamfunnet må gjera seg nytte av framtidsretta teknologi.*

Som tiltak under dette delmålet står mellom anna:

- *Kommunen vil sjå til, og om nødvendig yta økonomisk tilskot, slik at dei fleste innbyggjarane i kommunen får tilgang til breiband.*
- *Kommunen vil prioritere verksemder som nyttar/utviklar ny teknologi.*

Eit anna hovudmål i kommuneplanen (arbeid/næring) er:

- *Samnanger kommune skal vera ein aktiv samarbeidspart med næringslivet for å styrkja eksisterande verksemder og for å få etablert nye arbeidsplassar.*

## Prinsipp for breibandsutbygging i Norge

Hovudprinsippet i Norge er at utbygging av breiband er «overlatt» til dei kommersielle aktørane. Kommunane har sjølv sagt moglegheit til å involvera seg, i hovudsak på følgjande måtar:

- Kommunane kan byggja ut breiband sjølv, men dette har til no ikkje vore aktuelt i Samnanger.
- Kommunane kan gje tilskot til breibandsutbygging i område der gjeldande EØS-reglar opnar for dette.
- Kommunane kan søkja om statleg/fylkeskommunalt tilskot til breibandsutbygging i område der gjeldande EØS-reglar opnar for dette.

Kommunane kan sjølv sagt også medverka til breibandsutbygging ved å koordinera og leggja til rette for samarbeid mellom kommersielle aktørar, lokalt næringsliv, innbyggjarar m.fl.

## Kva er «breiband»?

Styresmaktene v/Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) definerer pr. i dag breiband som følgjer:

1. Breiband av grunnleggjande god kvalitet:
  - Mellom 4 og 30 Mbit/s nedlastingshastigkeit.
  - Breibandet må ikkje føra med seg avgrensingar for «normal» bruk av tenester og innhald. Dette gjeld mellom anna lang tidsforseinking/responstid og små volumkvoter for nedlasting.
2. Høgkapasitets breiband:
  - Meir enn 30 Mbit/s nedlastingshastigkeit

NKOM presiserer på nettsidene sine at kva som blir oppfatta som breiband av grunnleggjande god kvalitet, vil endra seg parallelt med den teknologiske utviklinga, nye tenestebehov og brukarbehov.

Allereie i dag vil mange truleg ikkje oppfatta nedlastingshastigkeit på 4 Mbit/s som «breiband», og i alle fall ikkje om eit par år. Mange vil nok allereie i dag ikkje rekna nedlastingshastigkeit på mindre enn 30 Mbit/s som «breiband».

I NKOM sin definisjon blir det berre peika på nedlastingshastigkeit. For ein del brukarar, for eksempel næringsdrivande, kan opplastingshastigkeit vera like viktig. På ADSL er det vanlegvis stor skilnad på nedlastings- og opplastingshastigkeit (opplastingshastigkeit er vesentleg lågare enn nedlastingshastigkeit).

Det er fleire ulike teknologiar som kan levera «breiband», mellom anna:

- Fiber
- ADSL/VDSL (koparnett)
- 4G-teknologi
- Radiosignal
- Satellitt

Det er nok mange som berre reknar fiber som «ekte breiband», men dette er ikkje i samsvar med NKOM sin definisjon.

## Status for breiband i Samnanger

I dei fleste område i Samnanger er det i dag moglegheit for «breiband av grunnleggjande god kvalitet», jf. NKOM sin definisjon om nedlastingshastighet på minst 4 Mbit/s. Men det er framleis nokre område som ikkje eingong har slikt tilbod. «Breiband av grunnleggjande god kvalitet» blir gjerne levert via ADSL eller radiosignal. Det er tidlegare gitt offentleg tilskot (frå kommunen og fylkeskommunen) til utbygging av løysingar basert på radiosignal (Øpstebø, Li/Litangen, Holmane, Gaupholm).

Nokre område i kommunen har i tillegg tilbod om høgkapasitets breiband via fiber. Dette gjeld både område der kommunen eller fylkeskommunen tidlegare har gitt tilskot (Frølandsalen, Tveit/Langeland, Eikedalen og Sævell) og område som er bygde ut på reint kommersiell basis (Tysse, Haga, Steinsland, Gjerde, Lønnebakken, Helgatona, Bjørkheim).

I delar av kommunen er det også tilbod om høghastigheits breiband via 4G (mobilt breiband).

Det er ei ulempe at det ikkje finst ei klar kommunal målsetting for breibanstilbodet i Samnanger. Mange innbyggjarar og verksemder har forventningar om tilbod om breiband via fiber. Det er uklart om «tilbod om fiber til alle» skal vera ei målsetting for kommunen, eller om kommunen skal ha ei meir «teknologi-nøytral» målsetting. Dette bør sjåast på i arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdel), som snart skal starta opp.

Det er relativt mange husstandar og verksemder i Samnanger som i dag ikkje har det breibandstilbodet dei ønskjer/har behov for. Dette gjeld mellom anna verksemder i Rolvsåg industriområde.

## Rolvsåg industriområde

Som nevnt ovanfor i saksframlegget har Samnanger næringsforum i lang tid etterlyst tilbod om breiband via fiber i Rolvsåg industriområde. I dag er det ei stor ulempe for nokre av verksemndene der at det ikkje er tilbod om høghastigheits breiband i industriområdet. Det er i dag delvis tilbod om mobilt breiband (ustabilt og låg opplastningshastigkeit) og breiband via radiosignal (også ustabilt og låg opplastningshastigkeit). Mobildekkinga (tale) er også dårleg i delar av området.

Ei god og framtidsretta breibandsløysing vil vera svært viktig for fleire av verksemndene i Rolvsåg industriområde, og vil truleg også vera viktig for nyetableringar av verksemder i området dei neste åra. I og med at industriområdet er kommunalt, har kommunen eit spesielt ansvar med omsyn til infrastrukturen - som mellom anna omfattar breiband. Ei god breibandsløysing vil også løysa utfordringane med telefoni som for eksempel Faginnredning AS har i dag.

Kommunen har i to omgangar i 2016/2017 søkt om tilskot frå fylkeskommunen til fiberutbygging i området Rolvsåg – Saga. I søknadsrunden i 2016 søkte kommunen om tilskot til tre ulike utbyggingsalternativ:

1. Ideell fiberløysing (type BKK/Altibox), tilskotsbehov 2,8 millionar kroner. Samla utbyggingskostnad stipulert til om lag 4,2 millionar kroner.
2. Rimeleg fiberløysing (type Telenor), tilskotsbehov 1,5 millionar kroner. Samla utbyggingskostand stipulert til om lag 3 millionar kroner.
3. Delvis fiberløysing (type Kvamnet), tilskotsbehov 1 millionar kroner. Samla utbyggingskostand stipulert til om lag 3 millionar kroner.

Alle tre alternativa vil gje tilbod om internett, telefoni og TV-tjenester. Det vart ikkje gitt midlar til nokon av desse søknadane i søknadsrunden i 2016. I januar 2017 hadde Hordaland fylkeskommune ein ekstra søknadsrunde, der det totalt vart lyst ut 3 millionar kroner i tilskotsmidlar. Der søkte Samnanger om tilskot på 1 millionar kroner til «delvis fiberløysing» i området Rolvsvåg – Saga. Søknaden vart innvilga og tilsegnet gjeld ut 2018.

På møte mellom Samnanger næringsforum, næringsdrivande i Rolvsvåg-området og Samnanger kommune 02.05.2017 kom det fram at fleire av dei næringsdrivande fryktar for at ei «delvis fiberløysing» ikkje vil vera tilstrekkeleg. Dei fryktar både for kapasiteten og stabiliteten i ei slik løysing. Dette er mellom anna basert på erfaringar Lerøy Vest har gjort seg med si noverande breibandsløysing, som er basert på radiosignal frå Einaråsen. Med «delvis fiberløysing» meinest at det blir tatt ned radiosignal til eit punkt i området, og at det blir bygt eit lokalt fibernett ut frå dette punktet. Dette er tilsvarende løysing som Kvamnet i dag har i Eikedalen og på Tveit/Langeland.

Dei næringsdrivande ønskjer seg ei løysing med «fiber heile vegen». For å få realisert ei slik løysing, vil det truleg vera nødvendig med høgare tilskot enn 1 millionar kroner. Det er lite realistisk at fylkeskommunen vil kunne gå inn med høgare tilskot enn dei allereie har gitt tilsegn om. Alternativa vil då vera at Samnanger kommune og/eller næringsdrivande i området går inn med eigne tilskotsmidlar/delfinanisering.

Ei fiberutbygging i industriområdet vil også gje tilbod om fiber til husstandar og fritidseigedomar i Rolvsvåg-området.

### Saga

Samnanger næringsforum har også i lang tid etterlyst tilbod om breiband via fiber på Saga (Lerøy Vest). Ei eventuell utbygging der vil også gje tilbod om fiber til husstandar og fritidseigedomar i dette området.

### Går det fiber gjennom området i dag?

Rådmannskontoret har ved fleire høve fått spørsmål om kvifor ei «BKK-utbygging» i Rolvsvåg-området vil vera så kostbar, i og med at det allereie går fiberkabel gjennom delar av området. Rådmannskontoret må her forhalda seg til den informasjonen me har fått frå BKK vedrørende dette. BKK har opplyst at fiberen som i dag går gjennom området er ein del av «stamnettet», og at det ikkje er høve til å kopla seg på kvar som helst på stamnettet. BKK har opplyst at påkopling kan gjerast ved høgspentlinja ved Hestastigane, og at fiberen må førast derfrå og tilbake mot Saga og Rolvsvåg.

### Kor mykje midlar er det behov for i området Rolvsvåg - Saga?

Rådmannskontoret sitt utgangspunkt er at tilskotssummane det vart søkt om for dei tre alternativa i søknadsrunden i 2016 truleg gir ein god indikasjon også i dag.

Rådmannskontoret har nyleg vore i kontakt med dei tre selskapa som er nemnde ovanfor (BKK, Telenor og Kvamnet) for å få stadfesta dette.

For å få realisert ei «Altibox-løysing» vil det truleg vera nødvendig med tilskotsmidlar på om lag 1,8 millionar kroner i tillegg til tilskotet fylkeskommunen har gitt tilsegn om. Altibox tilbyr

i dag abonnement med hastigkeit opptil 1000/1000 Mbit/s.

For å få realisert ei «Telenor-løysing» vil det truleg vera nødvendig med på om lag 500.000 kroner i tillegg til tilskotet fylkeskommunen har gitt tilsegn om. Telenor har opplyst at sluttkundar pr. i dag vil kunne kjøpa abonnement med hastigkeit opptil 500/500 Mbit/s.

For å få realisert ei «Kvamnet-løysing» vil det truleg ikkje vera nødvendig med tilskotsmidlar ut over det fylkeskommunen har gitt tilsegn om. Kvamnet tilbyr i dag abonnement med hastigkeit på opptil 100/100 Mbit/s.

#### Har Samnanger kommune disponible midlar til utbygging av breiband?

Det er ikkje sett av kommunale tilskotsmidlar til breiband verken i årsbudsjettet for 2017 eller i økonomiplanperioden fram til 2020.

Kommunestyret sette opprinnelag av 800.000 kroner av Sima – Samnanger-fondet til utbygging av breiband, men omdisponerte i 2014 det meste av dette (690.000 kroner) til VVA Bjørkheim. Det vart brukt ca. 11.000 kroner av restmidlane på fondet i 2014, slik at det i dag står att om lag 99.000 kroner.

Det vil truleg vera mogleg å bruka midlar frå næringsfondet til utbygging av breiband, dersom politisk nivå i kommunen ønskjer dette. Det er pr. i dag disponibelt om lag 500.000 kroner på næringsfondet. Næringsfondet blir kvart år tilført midlar, pr. i dag årleg om lag 980.000 kroner. Av desse er om lag 315.000 bundne opp i «faste årlege utgifter».

Fondsmidlane som kommunen fekk etter Lerøy-konsesjonen («Grønt fond») er investeringsmidlar. Det vil ikkje vera høve til å bruka av desse midlane til tilskot til brebandsutbygging, fordi slikt tilskot skal førast i driftsbudsjettet.

Midlar frå disposisjonsfondet vil kunne brukast til tilskot til brebandsutbygging dersom politisk nivå i kommunen ønskjer dette. Det er i dag disponibelt om lag 100.000 kroner på disposisjonsfondet. Rådmannen vil i tillegg tilrå at overskotet frå 2016 blir overført til disposisjonsfondet, om lag 2,2 millionar kroner. Rådmannen tilrår likevel ikkje at midlar frå disposisjonsfondet blir brukt til tilskot til brebandsutbygging, mellom anna fordi det er svært viktig at kommunen får bygt opp eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond til at dette kan vera ein buffer for uføresette utgifter. Ein slik buffer har kommunen ikkje i dag.

#### Kan næringsdrivande i området bidra med midlar til utbygginga?

Dersom ei slik brebandsutbygging/brebandsløysing som dei næringsdrivande i området Rolvsvåg - Saga meiner er nødvendig ikkje kan realiserast med tilgjengelege offentlege tilskotsmidlar, bør næringsdrivande i området utfordrast til å bidra med midlar/delfinansiering. Kommunen kan også eventuelt vurdera å stilla som krav at næringsdrivande må bidra med midlar/delfinansiering for å få realisert utbygging med tilskotsbehov på over 1 millionar kroner.

Det er ikkje avklart med næringsdrivande i området om det er aktuelt for nokon av dei å bidra med økonomiske midlar. For nokre av dei næringsdrivande vil nok utgangspunktet vera at dei allereie i dag bidreg med midlar til kommunen, gjennom betaling av skattar og avgifter.

### **Krav om konkurranse om kontrakten**

Kommunen vil truleg måtte gjennomføra innkjøps-/anbodskonkurranse før val av utbyggjar av breiband i området Rolvsvåg – Saga vert gjort. Alle leverandørar som kan levera breibandsløysing som oppfyller dei krava kommunen set, vil i utgangspunktet kunne gje tilbod i konkurransen.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Det er viktig å få på plass ei god og framtidsretta høgkapasitets breibandsløysing (via fiber) i Rolvsvåg industriområde samt på Saga. Det er ingen indikasjonar på at nokon kommersielle aktørar har planar om ei slik utbygging. I Rolvsvåg industriområde, som er kommunalt, er det spesielt viktig at Samnanger kommune arbeider for god infrastruktur - mellom anna høgkapasitets breiband. For at industriområdet skal vera attraktivt/eigna i åra som kjem, vil ei god breibandsløysing vera viktig.

Dersom tilskotsmidlane som fylkeskommunen har gitt tilsegn om ikkje er tilstrekkelege til å få realisert eit god og framtidsretta breibandsløysing i området Rolvsvåg - Saga, bør Samnanger kommune bruka dei resterande breibandsmidlane frå Samnanger – Sima-fondet (ca. 99.000 kroner) til ytterlegare tilskot. I tillegg kan det brukast inntil 250.000 kroner frå næringsfondet. I tillegg må næringsdrivande i området utfordrast til å bidra med midlar. Gjennom dette bør det vera mogleg å få realisert ei breibandsløysing som ovanfor i saksframlegget er omtalt som «Rimeleg fiberløysing», det vil seia ei løysing med fiber heile vegen inn til utbyggingsområdet.

Det er behov for å utarbeida konkrete målsettingar for breiband i Samnanger kommune. Dette bør gjerast som ein del av arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdelen).